

Innspel til Konsesjon Otravassdraget.

Bykle 30.11.2021

Etter at Otra blei ført i tunell frå Sarvsjuvet og til Skarg på midten av -70 tallet, så blei Otra så og sei tørrlagt nedstaums frå det som er i dag Damm Sarvsfoss og ned til Sveigefoss/Bykil.

Strekningen her hadde nå bare ein større naturleg tilførsel av vatn som kom frå Bjorbekken i Stavenes.

Etter at seiste utbygging av Skarg Kraftverk og den nye Damm Sarvfoss kom (2013), så blei også Bjorbekken ledet til Skarg Kraftverk.

Nå er det ikkje nokon større bekkar som tilfører det meir eller mindre tørrlagte vassdraget, og det som før var ei elv med fisk er så å sei borte på grunn av lite vatn.

Otra hadde og ein viktig funksjon med å holde sau/husdyr tilbake fra å trekke over på den andre siden av Otra, og nå kan ein gå over fleire plasser uten å bli våt.

Etter som åra har gått så har det og dukket opp eit annet problem og det er krypsiv.

Ein ser oppstraums frå Sveigefoss -terskelen, der RV9 går i kanten av Otra att det begynner å gro igjen.

Som grunneigarar i Mosdøl så har me eit ønske om at det hadde blitt steinsatt ein eller to nye terskelar i området (bilde 1.) for å få auka høgde på vannspeilet som vil redusere attgroing, betre forholdet for fiske og at Otra kan fortsatt vere ein naturleg barriere for sau/husdyr fra å trekke over.

Det er og ønskelig at ein kunna fått auka dybden ved vannkanten ved RV9 (bilde 2.) da her er så stille vatn, langgrunt og graset gror til. Ein ser at gjenngroinga avtar jo lenger ut i Otra ein kjem her pga dybden er litt djupare.

Dette er relativt enkle og rimlege tiltak å gjere.

Mvh

Torleiv Mosdøl Sælid, Mosdølsvegen 6. 4754 Bykle. Grunneigar 13.2

Ola Mosdøl, Mosdølsvegen 5. 4754 Bykle. Grunneigar 13.1

Olav Mosdøl, Mosdølsvegen 14. 4754 Bykle. Grunneigar 13.3



Bilde 1.



Bilde 2